



## Møtereferat

Dato: 24.06.2014

Arkivsak

Saksbehandlar: NINLUD

<b>Deltakarar</b>	Frå FFO: Fylkessekretær Vibece Magnus, Fylkesleiar Malvin Ågotnes og Nestleiar Jan Gunnar Øvretvedt  Frå Hordaland fylkeskommune: Fylkesdirektør for opplæring Svein Heggheim, PPT-leiar Janne Strøm, rådgivar Petter Tønjum og seksjonsleiar OT/PPT Nina Ludvigsen
<b>Møtesekretær</b>	Nina Ludvigsen

### **Sak: Drøfting av FFO sitt ønskje og behov for eit brukarutval**

FFO viste til tidlegare kontakt og møte med Nina Ludvigsen og Janne Strøm angåande brukarutvalet OT/PPT/Opplæringsavdelinga/FFO og SAFO.

Under møtet 24.06.14 kom det framlegg frå FFO om eit alternativt brukarutval i staden for dagens ordning, og med betre forankring i brukarorganisasjonane.

Deltakarane frå Hordaland fylkeskommune viste til det offentleg oppnemnde fylkeskommunale utvalet «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne». Dette er eit offentleg utval sett saman av brukarorganisasjonane og som skal ta for seg problemstillingar som gjeld personar med nedsett funksjonsevne. Utvalet får til dømes saker til høyring eller orientering som også gjeld opplæringssektoren.

Frå Hordaland fylkeskommune si side var det ønskjeleg at saker som brukarorganisasjonane vil lyfte på systemnivå, vert kanalisiert gjennom «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne». Det var forståing for at det til no ikkje har vore tradisjon i utvalet å ta opp spørsmål som gjeld opplæringsområdet, men FFO vart oppmoda til å ta dette opp i organisasjonen som eit alternativ til at fylkeskommunen opprettar eit eige brukarutval på administrativt nivå.

Fylkeskommunen vil på si side ta kontakt med sekretariatet for «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne» for å undersøkje kva mandat rådet har fått.